

Frå SSH til Sammen

19.08.2017



Av: Haldis Lauksund

Publisert: 09.08.2017 09:18

Oppdatert: 09.08.2017 10:31

Frå SSH til Sammen - sammen for studentane **I dag skiftar Studentsamskipnaden Stord/Haugesund (SSH) offisielt** **merkenamn til Sammen.**

SSH har eksistert sidan 1997 og er eit velkjend namn blant studentane og i regionen elles. Fusjonen med samskipnadane i Bergen og Sogn og Fjordane gjer at dei står sterkare saman til å utvikla velferdstenestene til studentane ved alle studiestadane.

Det nye merkenamnet Sammen bryt med samskipnadane sin tradisjon for namneforkortelsar og stadsnemningar, og spelar på samhald og meninga av å gjera noko i eit fellesskap.

- Me synest namnet Sammen i samspel med avdelingane kan gje studentane gode assosiasjonar og ein tilleggsverdi til kva me driv med i Studentsamskipnaden på Vestlandet», seier administrerande direktør Per Kristian Knutsen.

www.sammen.no